



2006

BREMNES FRYSERI
først og fremst

årsrapport

Nº 704

OLAV SVEN

Kjøper
Flisk — Sild — Hum
samt Tang og S

Øklandsvåg, 6

Peder J. R.

43,4 kg. Hummar à 8 1/2



Grunnleggjar Olav Svendsen senior

Først i 1937 – fremst i dag

Historia om industrieventyret i Kvednavikjo er historia om visjonar, pågongsmot og tru på å lukkast.

● 1937 byrja ein ung Olav Svendsen å ta i mot tang og tare på kaiane heime i Øklandsvågen. Faren, Ole Svendsen, såg at haugane vaks og skjøna at sonen hadde sans for kjøp og sal. Han fekk difor snart ansvar for mottaket av villaks og hummer, som hadde vore grunnlag for drifta i den gamle handelsstaden Øklandsvågen i århundrer.

I 1946 flytta bedrifta over vågen til Kvednavikjo og ei stor utbygging vart sett i gong. Bremnes Fryseri var ein realitet. Samarbeidspartnar på sal og eksport, Hallvard Lerøy AS, kjøpte seg etter kvart inn i Bremnes Fryseri med 50 prosent.

I åra etter krigen tok dei i mot makrell, kjøpte utstyr til hermetikkfabrikk og la ned makrellrogn. Det var óg mottak av reker, krabbe, størje og sei. Frå midten av 1950-åra starta det store pigghå-eventyret, som skulle vara i nær 30 år. Ved sida av laks var pigghåen det viktigaste for utviklinga og suksessen til Bremnes Fryseri. Kvednavikjo var på denne tida verdas største pigghå-mottak.

Rundt 1950 var Olav Svendsen med på å forsøka å klekkja ut aure – Klekkinga gjekk bra, yngelen kom fram og levde av plommesekken. Lenger kom dei ikkje då. Spezialfòr var enno ikkje på marknaden. Svendsen lot seg ikkje stoppa, og det som starta i det små har vakse slik at Bremnes Fryseri i dag er ein av dei største privateigde oppdrettsverksemdene i landet.

Ny generasjon og ei omfattande utvikling

Etterkommarane etter Torbjørng og Olav Svendsen senior har sidan teke over. Disse eig i dag 100% av aksjane i Bremnes Fryseri, og leiar selskapet. Produksjon og omsetnad er sterkt utvida og selskapet har i dag 17 konsesjonar, 3 setjefiskanlegg og drift i 10 kommunar i Hordaland og Rogaland.

INNHALD

NØKKELTAL	SIDE	5
VEKST OG UTVIKLING	SIDE	7
AKTIVITET I 10 KOMMUNAR	SIDE	8
PRODUKSJON	SIDE	11
SLAKTING OG PAKKING	SIDE	14
FOREDLING	SIDE	17
KVALITET I ALLE LEDD	SIDE	19
SAL OG MARKNADSFØRING	SIDE	22
STYRETS BERETNING	SIDE	24
RESULTATREKNESKAP	SIDE	27
BALANSE	SIDE	28
KONTANTSTRØMOPPSTILLING	SIDE	30
NOTER TIL REKNESKAPET	SIDE	31
REVISORS RAPPORT	SIDE	42

Nøkkeltal


	2006	2005	2004
Driftsinntekter	328 662	328 394	251 455
Driftsresultat	87 656	55 244	1 090
Finansposter	13 122	15 010	-14 757
Resultat før skatt	100 778	70 254	-13 667
Sum eigendelar	527 681	429 899	396 223
Sum eigenkapital	158 858	105 856	34 167
Netto renteberande gjeld	265 764	258 986	314 417
Eigenkapitalandel	30,1 %	24,6 %	8,6 %
Bokført verdi pr. konsesjon	3 052	3 132	3 262

Tal i 1000 NOK

I 2006 vart det gjort store investeringar blant anna for å sikra smolt for framtida. Pakkeriet slakta 13 350 000 kg rund vekt. Bremnes Fryseri sysselsette 101 personar fordelt på 93 årsverk. Sidan 1993 har verksemda brukt 55-60 millionar kroner på forskning og utvikling. Selskapet har 17 matfiskkonsesjonar og 3 settefiskanlegg samt 16,7 % i eigarandel i Sævareid Fiskeanlegg AS. Det vart i 2006 gjennomført investeringar for 65 mill.



Folketal
(i milliarder)



Stipulert folketalsauke på jorda (Kjelde: Universitetet i Oslo)

Vekst og utvikling

År 2006 vart samla sett eit godt år for verksemda vår. Dette set oss i stand til å satsa vidare på vekst og utvikling av Bremnes Fryseri AS.

Det er ein sterk laksemarknad med gode prisar, og dette har ført til stor auke i lakseproduksjonen. Denne auken har igjen ført til auka etterspørsel etter smolt. Bremnes Fryseri AS har difor i 2006 gjort mykje for å sikra tilgangon på smolt, slik at me kan ta del i den produksjonsauken som vil koma i åra fremover. Det er utført omfattande utbygging på smoltanlegga i Gjerdavågen og på Trovåg. I tillegg har me kjøpt anlegget til Eidesvik Smolt på Bømlo og 16,7% av Sævareid Fiskeanlegg AS i Fusa, eit av Noregs største og eldste smoltanlegg. I alt investeringar på over 40 mill. kroner. Tilgangen på eigenprodusert smolt er dermed auka fra 1,5 mill. til 4,5 mill. Med desse investeringane har me lagt eit godt og nødvendig grunnlag for auka produksjon, og sikra tilgong på råstoff til pakkeriet og Salmon Brands AS.

Matfisk

Det har vore eit hektisk år på matfiskanlegga. Ein del av utstyret som vart kjøpt inn vart diverre kraftig forseinka. Dette har ført til mykje ekstraarbeid på anlegga. Likevel, takka vere god innsats frå alle involverte, har drifta stort sett gått etter planen. Utsett av smolt vart rekordhøgt og me kom i gong på to nye lokalitetar. Det er bestilt seks nye forflåtar og mykje nytt oppdrettsutstyr for levering i 2007. Denne store satsinga på smoltkapasitet, nye lokalitetar og utstyr gjer at me vil doble lakseproduksjonen vår frå 2006 og fram til 2009. Saman med nytt produksjonsbygg vil dette kreve betydelege investeringar i anlegg, utstyr og fisk i sjøen i åra framover.

Laksepakkeriet

På laksepakkeriet har drifta gått greit. Kostnader per eining er gått ned og det har vore fokus på auka kvalitet, samt på tilrettelegging av utstyr og drift for å ta imot den store auken av laks som vil kome i 2007 og 2008. Me har fornya BRC-godkjenninga vår og vil ha EurepGap-godkjenning på plass tidleg i 2007. I løpet av våren er me óg blitt godkjent for å levere laks til Russland.

Nytt produksjonsbygg for Salmon Brands

Bygginga av nytt produksjonsbygg er endeleg kome i gong. Ei investering på mellom 40 og 50 mill. for lokale og nytt utstyr. Dette vil bli ei topp moderne bedrift kor Salmon Brands kan vidareutvikle seg, og få ein meir effektiv og rasjonell produksjon. Salmon Brands har hatt ei fin utvikling i 2006 med auka produksjon og har kome godt i gong med sal av nye eigenutvikla produkt.


Framover

Den sterke innsatsen for vekst og fornying i 2006 vil fortsetje i 2007. Det vert investert store beløp i alle ledd i produksjon for å sikre drifta for både tilsette og eigarar. Dette er bakgrunnen for at me i 2007 har seld aksjane i Hjaltland Seafarms på Shetland. Vårt mål er at me gjennom samarbeid og framtidsretta tiltak skal sikre gode og trygge arbeidsplassar i verksemda.

Eg vil takke alle for god innsats og godt utført arbeid i 2006.



Konserndirektør OLAV SVENDSEN JR.



-  **BØMLO**
-  **SVEIO**
-  **KVINNHERAD**
-  **JONDAL**
-  **VINDAFJORD**
-  **FINNØY**
-  **STRAND**
-  **SANDNES**
-  **FORSAND**
-  **FUSA**

-  Pakkeri/foredling
-  Settefisk
-  Matfisk




Aktivitet i 10 kommunar

Bremnes Seashore AS har oppdrettslokalitetar i Rogaland og Hordaland, delt inn i tre regionar: Sunnhordland, Hardanger og Rogaland. Oppdrettsanlegga ligg i 10 ulike kommunar. Me prøver heile tida å ha ein god dialog med kommunane og folk som bur i områda der me held til. Det er fint å oppleva at me vert tatt godt i mot i alle kommunane.

Oppdrettsanlegga er plassert i områder med rein, frisk sjø og gode straumtilhøve. Dette gir optimale tilhøve for fisken. Anlegga er plasserte frå den ytterste kystlina ut mot storhavet og inn i dei djupe fjordane. Dei ulike lokalitetane har ulike temperaturtilhøve gjennom året. Me optimaliserer bruken av lokalitetane slik at me får ein jevn produksjon av slaktemoden laks året rundt.

Me har tre settefiskanlegg for laks. To anlegg i Bømlo kommune og eit anlegg i Vindafjord kommune. Her styrer me òg produksjonen slik at ein nyttar dei naturgitte tilhøva på ein optimal måte. Oppgåva til settefiskanlegga er å forsyna matfiskanlegga med smolt til rett tid, i rett storleik og i rett mengd – slik at leveransen passar med produksjonsplanane våre.





Me produserte ca 2,3 millionar smolt i 2006.

Produksjon

I åra etter tusenårsskiftet møtte Bremnes Seashore store utfordringar med høge sjøtemperaturar og vanskelege produksjonsforhold, som resten av oppdrettsnæringa på Vestlandet. I tillegg møtte me ein vanskelig marknadssituasjon med låge lakseprisar. Me har tatt konsekvensen av disse utfordringane, og gjort fleire tiltak for å optimalisera produksjonen.

Dei siste åra har me lagt grunnlaget for ein betydeleg produksjonsvekst, der målet er ei dobling av produksjonen innan 2009. Ein produksjon på 25.000 tonn årlig, krev ein meir systematisk produksjon for å ha stabil tilgong på slaktemoden fisk på rundt 5 kg.

Me har gjennomført ein betydeleg oppgradering av smoltproduksjonen. I tillegg har me auka kapasiteten for matfiskproduksjon, ved investering i nye anlegg og fleire lokalitetar.

Det er òg gjort nødvendige tiltak for å auka kapasiteten for slakting/pakking og foredling. Det er under oppføring eit nytt bygg, som i fyrste omgong skal gje plass til ein ny og moderne foredlingsfabrikk. Etter kvart vil òg pakking/slakting verta flytta inn i nybygget. Dette vil gje god kapasitet og foredlingsverksemda til Salmon Brands vil vera sikra god tilgong på superferskt råstoff av beste kvalitet, til sine SALMA produkt.

For å gjennomføra produksjonsveksten må òg organisasjonen byggjast opp, og setjast i stand til å handsama ein så stor produksjon på ein god måte.

Smolt

Settefiskanlegget Gjeravåg var lenge vårt einaste settefiskanlegg, og har vore med sidan starten. Anlegget har i løpet av 2006 fått ei betydeleg oppgradering og auka kapasitet.

Anlegget Trovåg Laks vart fusjonert med Bremnes Seashore i 2006. Utfordringa ved dette anlegget var for liten kapasitet i uteanlegget. Me er òg her i gong med ei oppgardering.

I juli 2006 kjøpte Bremnes Fryseri samtlege aksjar i settefiskanlegget Eidesvik Smolt. Dette selskapet vart fusjonert med Bremnes Seashore i 2006. Anlegget ligg i Skålevik i Bømlo kommune. Produksjonskapasiteten er på rundt 1 mill smolt.

Me har òg investert i ein andel (16,67%) i Sævareid Fiskeanlegg. Det som er spesielt med Sævareid er at det her er tilgong på store mengder godt vatn, som gir eit svært stort produksjonspotensial. Den største smolten me har bruk for, skal produserast på dette anlegget. Vår andel av kapasiteten vil gje tilgong på rund 1 mill smolt pr år.

Totale investeringar på smoltsida vil komma på nær 50 mill. i perioden 2006 – 2008.

Med investeringane som er blitt gjort, og som er planlagt dei neste åra, vil me få settefiskanlegg som produserer smolt på ein betre måte, og tilpassa den produksjonen som er planlagt i matfiskanlegga. For å oppnå ein jamn produksjon av slaktefisk må smoltproduksjonen vera retta inn på å levera rett storleik til rett tid, fordelt over året.

Produksjonskapasitet 2006

Gjeravåg	1.000.000
Trovåg	1.500.000
Skålevik	1.000.000
Vår andel Sævareid	1.000.000
Totalt	4.500.000



Kort om Sævareid Fiskeanlegg

Sævareid Fiskeanlegg vart stifta i 1978, og ligg i Fusa Kommune. Grunnlaget for anlegget var den rikelege tilgongen på godt vatn, noko som gir eit svært stort produksjonspotensial. I 1983 ble fallrettane i Haalandsdalen kjøpt. Arbeidskraften (omlag 12 årsverk) er stort sett lokal, og stabil.



Matfisk

På matfisksidea er det i 2006 gjort store investeringar i blant anna nye oppdrettsanlegg, førlektarar og båtar. Ein dobling av produksjonen fram mot 2009 gjer det nødvendig med store investeringar òg dei komande åra. Til saman skal det investerast rundt 100 mill i nytt oppdrettsutstyr i åra frå 2006 til 2008.

Lokalitetane våre er spreidd ut på tre område: Rogaland, Sunnhordland og Hardanger. Me har parallelle utsett i alle desse områda, noko som gjer ein produksjon med låg risiko.

For å sikra optimal produksjon, har me satsa på produksjonsprinsippet "alt inn – alt ut". Me har difor fleire lokalitetar i bruk, og ikkje for mykje fisk på kvar lokalitet. Dette gjer at me kan oppnå lengre brakkleggingstid enn vanleg, og halde lokalitetane gode år etter år. Det gir betre tilvekst, raskare "turnover", og vil vera gunstig økonomisk i høve til dagens regelverk med MTB, og gi betre fiskehelse og fiskevelferd.

For å sikre ein kostnadseffektiv produksjon har me stort fokus på å ha god kontroll med alle ledd i produksjonen. Systematikk og nøyaktighet er nøkkelford for å gjennomføre dette. Me satsar på å bruke eit kostnadseffektivt før som sikrar god tilvekst og låg forfaktor. Me gjennomfører foring av laks på ein måte som tek omsyn til både storleiken på fisken, og at laksen bør forast ulikt i løpet av dei ulike årstidene.

Me gjennomfører kvalitetsprøvar av fisken gjennom heile produksjonen for å sikre ein jevn kvalitet i løpet av året. På denne måten kan me få ein slaktefisk med rett storleik og med rett filetfarge. I tillegg arbeider me med å få til ein jamn kondisjonsfaktor og eit jamt fettnivå i fisken.

Dei siste åra har sjøtemperaturen aukt, noko som er ei utfordring for dei som skal produsera laks. Me har løyst denne utfordringa ved å nytte 40-50 meter djupe nøter. På denne måten sikrar me at fisken får optimale tilhøve året rundt. Me har òg redusert talet på laks i kvar merd, noko som sikrar betre tilhøve for fisken.

Slakting og pakking

Slakteriet til Bremnes Seashore har moderne produksjonsutstyr. Dette gjer at dei 25-30 tilsette kan handtera opp til 50 fiskar pr minutt, eller 80-90 tonn på ein arbeidsdag. Då er alle operasjonar med, heilt frå opptak frå ventemerde - til laksen er ferdig pakka og lasta på trailer.


I 2006 vart det pakka 13.300 tonn laks. Når matfisksida no doblar produksjonen på få år, vil dagens pakkeri verta for lite. Det nye produksjonsbygget, som no er under oppføring, er difor planlagt med tanke på at pakkeriet skal kunna flytta inn i 1 etasje. Her vil me få eit tilleggsareal på 1200 m², noko som vil gjera oss i stand til å ytterlegare rasjonalisera produksjonsanlegget vårt. Når pakkeriet er på plass i nytt bygg, vil me få ein eigen avdeling for frysepakking og ei pakkelinje der heile produksjonsprosessen vil gå innomhus i ein retning fram mot ny kjøleterminal ved dagens parkeringsplass. Kjøleterminalen vil ha ein kapasitet på 250 tonn ferdigvarer, og kunne ta hand om heile produksjonen av ferskvarer frå både Salmon Brands og Bremnes Seashore. Her vil dei ulike ordrane bli palletert og klargjort for lasting på trailarar.

Me har i dag eit anlegg som ligg heilt ut mot havet i tilnærma urørt natur. Her har me gode tilhøve med reint vatn og god avstand til andre oppdrettsanlegg. Våre tilsette er godt kvalifiserte og har lang erfaring med produksjon av kvalitetsprodukt.

I det nye anlegget, som vil bli utstyrt med moderne produksjonsutstyr, vil me ytterlegare kunne utnytta desse fortrinna.



Slakta laks, tonn rund vekt



Bremnes Seashore pakka 13.350 tonn laks (rund vekt) i 2006.

SALMA™



SALMA - førsteklasses fersk laks, skinn- og benfri!

Foredling

Salmon Brands AS hadde sitt første driftsår som eige selskap i 2006. Selskapet har som kjent overtatt all produksjon av foredla varer frå Bremnes Seashore og det er det som dannar basis for den vidare produksjonen fram til selskapet er oppe og står med egne merkevarer.

Selskapet produserte ca 3.100 tonn ferdige varer i 2006, til ein verdi av 166 mill nok. Produksjonen er fordelt på ulike typar av fileter, med og utan skinn, porsjoner og sashimi produkt for den Japanske marknaden. Salmon Brands AS representerer om lag 50 årsverk og meir enn halvparten av dei tilsette har fagbrev.

Produksjonen er delt mellom heilt enkle filetar, som går til industri, og meir foredla produkt som vert brukt til Sushi og Sashimi. For å oppnå god kvalitet på dei fryste produkta nyttar me frysing med flytande nitrogen. Det gjer at me kan frysa inn produkta på ein svært rask måte.

I samarbeid med Bremnes Seashore og Tine, arbeider selskapet med ei ny merkevare som har fått navnet SALMA™. Dette er eit ferskt produkt der ein tek vare på den gode kvaliteten gjennom ein unik produksjonsprosess. Produktet vert godt motteke og har hausta fleire innovasjonsprisar. Lanseringa har starta forsiktig med nokre hundre kilo pr veke og me aukar sakte etterkvart. Produkta vert selde i Noreg og Tyskland, og det vert arbeida vidare med andre marknader.

I samband med at Salmon Brands AS skal over i nytt bygg i slutten av 2007, har me søkt Innovasjon Noreg om eit utviklingsprosjekt der kvalitet, arbeidsmiljø og rasjonalitet vert hovudfokus. Prosjektet går over 2 år, og vil ha ei total ramme på ca 13 mill. Me ynskjer at prosjektet skal sikre gode produkt heilt fram til kunde, og me har difor vald å få med oss ein større dagligvareaktør i EU. Me ser for oss at selskapet óg skal utvikla andre og spesielle produkt med basis i den gode SALMA™-kvaliteten. Det er allereie gjort forsøk som viser at dei gode eigenskapane kan vidareførast inn i nye og meir foredla produkt.



BRC Global Standard - Food

CERTIFICATE

CERTIFIKAT

Hermed bevises det at
This is to certify that

Bremnes Seashore AS
Reg. no. NO 036 597 702 1174

Oppfylles kravene i BRC Global Standard - Næringsmiddel, utgave 4, januar 2003
Fulfill the requirements of the BRC Global Standard - Food Issue 4, January 2003

Gradering/Grade B

Sertifikatet omfatter utvikling, selv produksjon av
This certifies not only the system and manufacturing of

Ferske og frosne produkter av fisk (lakse, laks, laksfilet, laksfilet, laksfilet og laksfilet)
Fresh and frozen products of whole gutted salmon/trout,
filet, loam, portion and bone

Sertifiseringsens omfang og vilkår (område)
The scope and conditions of certification (certification decision)

Sertifikat nr.
Certificate no.

18140017

PROSANITA CERTIFIED

Kvalitet i alle ledd

Sikring og kontroll av kvaliteten på produkta er svært viktig for Bremnes Seashore.

Kvalitetskontrollen gjev grunnlag for god og jamn produktkvalitet. Trygg mat er eit sentralt omgrep. Omsyn til miljøet rundt oss og fiskevelferd har fått eit større fokus den seinare tida. Dette ser me igjen i krav frå kundar, styresmakter (IK-akvakultur) og kvalitetsstandardar som til dømes EurepGap-IAA (Integrated Aquaculture Assurance)

EurepGap

Det siste året har Bremnes Seashore AS arbeidd med innføring av kvalitetsstandarden EurepGap. Dette er ein standard som gjeld for produksjon av mat. Det er nyleg utarbeidd egne krav som gjeld oppdrett av laks.

EurepGap har hovudfokus på fire område:

- Matvaretryggleik
- Miljøvern
- Yrkesmessig helse-, tryggleik og velferd
- Dyrevelferd

For å sikra EurepGap-godkjent fisk gjennom alle ledd vert det óg sett krav til slakting, foredling og sal. Óg leverandørar til anlegga, m.a. av fôr og rogn er omfatta av krava i standarden. Settefisk, matfisk, slakting og sal har gjennomgått omfattande inspeksjonar. Alle tilhøve er no i henhold til standarden, og me vil motta EurepGap-sertifikatet i løpet av sommaren.

BRC:

Sidan 2003 har Bremnes Seashore AS vore BRC-godkjent. Det vil seie at me tilfredsstillar krava i BRC-standard (British Retail Consortium). Dette er ein global standard for næringsmiddel som har fokus på trygg mat. BRC-sertifikatet må fornyast årleg, noko som gjer at me stadig må ha fokus på kvalitetsarbeidet. Standarden set krav til m.a.:

- Leiinga si oppfølging av kvalitetssystemet
- Beskriving av organisasjonen (ansvar, stillingsinstruksar)
- Opplæring av personale
- HACCP (=risikoanalyse av produksjonsprosessar)
- Leverandørvurdering
- Handtering og oppfølging av uønska hendingar
- Reinhald og hygiene
- Lokale og bygningar
- Produktkontroll
- Sporbarhet
- Kundefokus

Eigenkontroll

Alt i 2000 fekk me Fiskeridirektoratet si eigenkontrollgodkjenning. For å få dette sertifikatet måtte me bygga opp eit kvalitetssikringssystem, i tillegg til at produksjonslokale og produksjonsrutinar måtte utbetrast. Fiskeridirektoratet og seinare Mattilsynet har jamnleg tilsyn med produksjonen vår.

Kontroll og overvaking

Kontroll og overvaking av produksjonsprosessane er ein stor del av kvalitetssikringsarbeidet. Me tar mellom anna ei rekke mikrobiologiske analysar av produkta, produksjonsutstyr og vatn. Temperaturmålingar og kontroll av reingjering er óg med på å sikra produktkvaliteten.

Måling av kvalitetsparametrar som kvalitetsgradering, farge og feittinnhald hjelper oss å produsera fisk med jamn kvalitet og i samsvar med kundespesifikasjonane.

Sporbarhet

For å sikra at produkta våre er sporbare, dvs at me kan følgja- og vita historia til kvar einaste fisk, frå den er rogn til den er eit ferdig produkt, har me eit produksjonssystem som merkar, tek vare på og knyt alle opplysningane til kvar enkelt fisk.

Opplæring

For å kunna produsera produkt av høg kvalitet, er det ein føresetnad at me har dyktige og engasjerte medarbeidarar. Ein stor del av våre tilsette er fagarbeidarar innan fiskeindustriefaget og akvakulturfaget. Nye tilsette får ei innføring i hygiene og HMS (helse, miljø og sikkerhet), i tillegg til dei aktuelle produksjonsoppgåvene.

Vårt fokus

- Trygg mat
- Tilsette og miljøet rundt oss
- Fiskehelse og fiskevelferd
- Kundar og myndigheiter
- Lønsemd
- Utvikling





Først i verda med kaldfisk-anlegg
Bremnes Seashore var først i verda
med patentert kjøling av levande
fisk før slakting. Dette gjev høgare
kvalitet på foredla fisk.

Sal og marknadsføring

Salmon Brands har i 2006 vore Bremnes Seashore sin største kunde.

Ca 35% av produksjonen vart levert som råstoff til Salmon Brands. Her vert produkta vidareforedla og selde til ulike kundar over heile verda. Resten av produksjonen vert eksportert som fersk eller frosen sløyd fisk. Varene blir pakka i eigen emballasje som er merka med "Bremnes Seashore, H82". Dette har blitt kjent som eit kvalitetsprodukt som ein kan finna igjen i ulike land, både i Asia og Amerika.

Bremnes Seashore har faste leveransar til kjende supermarknadskjedar som Carrefour, Tesco og Metro. For å kunna levera varer til slike kundar vert det krevd at me oppfyller ein del krav og har på plass dei aktuelle sertifikata. Difor vert det gjennomført årlege revisjonar der ulike kundar og sertifiseringsselskap går gjennom vårt kvalitetssikringssystem og inspiserer produksjonsanlegga våre.

Slakting og salsmengde vert planlagd ut frå prognosar på tilvekst i oppdrettsanlegga. Salet vert gjort i nært samarbeid med nokre få utvalgte norske eksportørar. Desse koordinerar logistikken, og sørger for at produkta kjem fram til kundane som avtalt.

Kvar dag kjem det 3-4 trailarar for å henta fersk laks frå Bremnes Seashore. Desse lastar opp varene etter kvart som ordrane er ferdige, og startar deretter si ferd mot forskjellige destinasjonar. Ein del går til Oslo for omlasting og vidaretransport med fly eller trailer, mens andre går direkte frå Bremnes til kundar i ulike land.

Den totale laksemarknaden har auka mykje den seinare tid, og me har stadig førespurnad frå nye kundegrupper. Særleg interessant er den russiske marknaden der det er aukande etterspurnad etter både ferske og frosne produkt. Bremnes Seashore har våren 2007 hatt inspeksjon frå russiske myndigheiter og er no godkjent for å levere til denne marknaden.

Ca 35% av produksjon vart levert
som råstoff til Salmon Brands.



Laks frå Bremnes Fryseri hamnar på
middagsbord over heile verda.

SELSKAPSSTRUKTUR



Styrets beretning

Finansielle tilhøve

Veksten er tilfredstillande og gjev konsernet gode høve til vidareutvikling. Konsernet sitt driftsresultat før avskrivningar (EBITA) vart i 2006 104,6 millionar mot tilsvarande 73,4 millionar i 2005. Konsernet oppnåde i 2006 eit driftsresultat på 87,7 millionar mot tilsvarande 55,2 millionar i 2005. Betring i prisane for laks samt betring i drift i konsernet, gjer at konsernet sitt resultat er betre i 2006 samanlikna med 2005.

Resultatandel frå tilknytte selskap i 2006 utgjer 22,5 millionar mot tilsvarande 25,5 millionar i 2005. Konsernet sine netto finanspostar i 2006 utgjer 13,1 millionar mot 15 millionar i 2005. Styret er tilfreds med resultatutviklinga. Styret meiner at års- og konsernregnskapen gjev eit rett bilete av konsernet sine eigendelar og gjeld, finansielle stilling og resultat.

Netto kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar er kr. 80 mill. for konsernet. Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar er kr. – 61,2 mill. for konsernet. Netto kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar er kr. –18,2 mill. for konsernet.

Verksemda Bremnes Fryseri AS oppnåde i 2006 eit resultat før skatt på 28,3 millionar mot tilsvarande 23,4 millionar i 2005.

Tilsette

Morselskapet Bremnes Fryseri AS har hovudkontor på Bømlo. Ved slutten av året var det 101 tilsette i konsernet fordelt på 33 kvinner og 68 menn. Uavhengig av ynskja om likestilling mellom kjønna har konsernet i sin rekrutteringspolitikk og avlønningssystem alltid lagt vekt på at det er den enkelte sin kompetanse og innsats som er avgjerande. Styret vil gje ros til dei tilsette for deira store innsats gjennom året.

Aktive eigarar, frå venstre;
Olav Svendsen jr. (konserndirektør),
Torild Knarvik (økonomi/sentralbord),
Torbjørg Sæverud (økonomiansv.)
og Eivind Sæverud (driftsleiar).



Bjørn Willy Sæverud
Dagleg leiar Bremnes Seashore



Jan Ove Morlandstø
Dagleg leiar Salomon Brands



Helse, miljø og sikkerhet

I 2006 har HMS senter Bømlo gjennomført arbeidsmiljø samtalar med alle tilsette ved avdelingane pakkeri, administrasjon og oppdrett avdeling Bømlo og Sveio. Tilbakemeldingane er at dei fleste tilsette trivst og er positive til arbeidsplassen sin. Verksemda hadde i fjor 2 skadar som førte til fråvær. I 2006 var det totale sjukefråveret på 10,3 % mot 10,5 % i 2005, av dette utgjorde korttidsfråveret 2,9 % (frå 1 til 16 dagar). Bremnes Seashore AS har óg i 2006 hatt trimkampanje blandt dei tilsette. Verksemda har og sett i gong eit prøveprosjekt med tilbud om massasje for tilsette 1 - 2 gongar i veka. Dette har vorte godt mottatt og me håper det vil kunne føra til nedgong i sjukefråveret når ein får prøvd det ut over ein lengre periode.

Ytre miljø

Alle oppdrettsanlegga er med i returordning for plast. Ensillasje frå alle anlegga vert henta av eksternt selskap. Avdelinga i Rogaland har avtale med Ryfylke Miljøverk om levering av restavfall og spesialavfall. På Bømlo vert restavfall levert til kommunalt avfallsdeponi medan spesialavfall vert levert til kommunalt mottak. I Hardanger vert restavfall og spesialavfall levert til kommunalt mottak.

Det er gjennomført ei risikoanalyse av matfiskanlegg og settefiskanlegg i 2006. Våre oppdrettslokalitetar er mellom anna gjennomgått av ekstern sertifiseringsorgan og me har fått dugleiksbevis for alle anlegg innan tidsfristen som er pålagt næringa. Gjennom verksemda sitt eige industriverk, har ein beredskap for utslepp.

Selskapet har system for kjeldesortering, der ein sorterar i bioavfall, papir og restavfall samt spesialavfall. Spesialavfall og trevirke vert levert til Sunnhordland Interkommunale Miljøverk.

Selskapets FoU aktivitet

Selskapet har som målsetting å driva aktivt med FoU og produktutvikling. Sidan 1993 har konsernet brukt 55 -60 mill. på forskning og utvikling. FOU aktiviteten er i hovudsak knytta opp i mot å betre kvalitet på fisken.

Resultat og disponeringar i Bremnes Fryseri AS

Bremnes Fryseri AS hadde i år 2006 eit års-/konsernresultat på 23,8 / 78,4 millionar mot eit samanlikna års-/konsernresultat på 24,7 / 54,9 millionar i år 2005. Den frie eigenkapitalen var pr. 31.12.06 på 25 millionar for selskapet og 94,7 millionar for konsern.

Styret foreslår følgjande disponering av årsresultat for år 2006:

Annan eigenkapital:	9 204 533
Innskutt annan eigenkapital mv:	14 632 629

Styret foreslår følgjande disponering av konsernresultat for år 2006:

Minoritetens andel:	- 95 354
Majoritetens andel:	78 531 140


Marknadsforhold/utsiktene framover

Konsernet har eit stort aktivitetsnivå og styret ser gode framtidsmuligheiter for konsernet. Marknadsprisane i byrjinga av året har vore høge. Total biomasse, sett i høve til marknadsveksten, indikerer at óg 2007 kan bli eit år med forholdsvis høge marknadsprisar. Produksjonen av biomassen i sjø ser ut til å gå godt. Dette medfører låge produksjonskostnader og bra driftsmarginar om marknadsprisane held seg.

Med bakgrunn i ovanstående vert det i samsvar med regnskapslova § 3-3 stadfesta at føresetnaden om framleis drift er lagt til grunn ved utarbeiding av rekneskapet.


Bremnes Fryseri AS har i 2007 selt sin aksjepost på ca 24 % i Hjaltland Seafarms AS. Eigarandelen var i selskapsrekneskapet bokført til 51,0 millionar og i konsernrekneskapet til 68,4 millionar. Salet frigjer midlar som vert nytta til investeringar i konsernet.

Bremnes, 2. mai 2007


 Olaf Thorsheim STYRETS LEDER


 Odd Steinsbø


 Olav Svensen jr. DAGLIG LEDER


 Torbjørn S. Sæverud

Resultatrekneskap


MOR				KONSERN		
01.01 - 31.12		note		note	01.01 - 31.12	
2006	2005				2006	2005
5 285 551	5 112 501	2	Salgsinntekt	2	327 617 172	318 002 432
			Annen driftsinntekt		1 044 500	10 392 199
5 285 551	5 112 501		Sum inntekter		328 661 672	328 394 631
0	0		Beholdnings endring varer		-38 023 798	6 735 426
0	0		Varekostnad		183 488 916	162 507 035
218 615	81 753	6	Lønnskostnad	6	38 564 797	46 886 802
2 325 304	2 085 623	12	Ordinære avskrivninger	12,13	16 945 964	18 202 765
1 965 513	1 145 635	9	Annen driftskostnad	9	40 030 163	38 817 952
776 119	1 799 490		Driftsresultat		87 655 630	55 244 651
6 184 925	26 863 000	7	Resultat fra investering i tilknyttet selskap	7	22 519 945	25 471 162
26 525 969	0		Inntekt på investering i annet foretak		0	0
0	0		Annen renteinntekt		936 002	1 234 935
0	1 782 230		Annen finansinntekt		19 000	1 782 230
0	-3 470 900		Nedskrivning av finansielle anleggsmidler		0	-3 470 900
-5 197 325	0		Annen rentekostnad		-10 302 191	-10 001 249
0	-3 550 879		Annen finanskostnad		-50 655	-6 354
28 289 688	23 422 941		Ordinært resultat før skattekostnad		100 777 731	70 254 475
4 452 526	1 252 970	10	Skattekostnad på ordinært resultat	10	22 341 945	15 316 664
23 837 162	24 675 911		Ordinært resultat		78 435 786	54 937 811
			Anvendelse av årsresultatet			
9 204 533	24 675 910	11	Annen egenkapital	11	0	0
14 632 629	0	11	Overkursfond / Innskutt annen egenkapital mvm	11	0	0
0	0		Minoritetens andel	11	-95 354	-118 730
0	0		Majoritetens andel	11	78 531 140	55 056 541
23 837 162	24 675 910		Sum anvendelse		78 435 786	54 937 811


Balanse

Mor		note		note	KONSERN		
01.01 - 31.12	2005				01.01 - 31.12	2005	
2006	2005					2006	2005
Eiendeler							
Anleggsmidler							
<i>Immaterielle eiendeler</i>							
0	0		Konsesj., patenter, lisenser, varemrk. o.l rettigh.	13		55 154 607	49 683 653
2 092 444	6 544 970	10	Utsatt skattefordel	10		1 939 668	9 320 649
0	0		Goodwill	13		12 844 088	5 915 177
2 092 444	6 544 970		Sum immaterielle eiendeler			69 938 363	64 919 479
<i>Varige driftsmidler</i>							
36 347 447	30 229 605	5,12	Tomter, bygninger og annen fast eiendom	12		43 822 343	35 474 582
5 042 766	4 717 243	5,12	Maskiner og anlegg	5,12		120 986 032	100 816 139
0	0		Transportmidler	12		253 463	326 786
0	0		Driftsløsøre, inventar, verktøy, kont.mask. o.l	12		86 070	2 967
41 390 213	34 946 848		Sum varige driftsmidler			165 147 908	136 620 474
<i>Finansielle anleggsmidler</i>							
113 930 230	100 053 594	5,7	Investeringer i datterselskap			0	0
9 583 208	1 100 000	3	Lån til foretak i samme konsern			0	0
63 996 399	58 075 900	7	Investeringer i tilknyttet selskap	7		77 170 945	56 454 428
10 204 870	124 870	8	Investeringer i aksjer og andeler	8		10 416 370	336 370
197 714 707	159 354 364		Sum finansielle anleggsmidler			87 587 315	56 790 798
241 197 364	200 846 182		Sum anleggsmidler			322 673 586	258 330 751
Omløpsmidler							
<i>Varer</i>							
0	0		Råvarer	4,5		5 691 824	2 907 853
0	0		Fisk i sjø	4,5		176 455 548	138 877 773
0	0		Ferdig egentilvirkede varer	4,5		1 736 586	1 690 534
0	0					183 883 958	143 476 160
<i>Fordringer</i>							
100 141	92 709		Kundefordringer	5		14 087 668	20 973 248
26 844 139	2 668 772	3,14	Andre fordringer	3		6 960 706	7 119 406
26 944 280	2 761 481		Sum fordringer			21 048 374	28 092 654
0	0		Bankinnskudd, kontanter og lignende			75 381	0
26 944 280	2 761 481		Sum omløpsmidler			205 007 713	171 568 814
268 141 644	203 607 663		Sum eiendeler			527 681 299	429 899 565

MOR			KONSERN		
01.01 - 31.12		note		01.01 - 31.12	
2006	2005		note	2006	2005
0	0				
Egenkapital og gjeld					
Egenkapital					
<i>Innskutt egenkapital</i>					
6 100 000	6 100 000	11	Aksjekapital	11	6 100 000 6 100 000
29 031 512	29 031 512	11	Overkursfond	11	26 058 525 26 058 525
14 632 629	0	11	Innskutt annen egenkapital	11	0 0
0	0	11	Fond for vurderingsforskjeller	11	17 364 852
49 764 141	35 131 512		Sum innskutt egenkapital		49 523 377 32 158 525
<i>Opptjent egenkapital</i>					
27 092 444	42 887 910	11	Annen egenkapital	11	109 434 833 73 268 542
0	0	11	Minoritetsinteresser	11	-100 060 428 719
